

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	22.03.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/9214-4
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

**Varsel om arkeologisk registrering - Dispensasjon frå reguleringsplan - gnr. 214 bnr. 32 - Fyllingsnes - Alver kommune**

Viser til brev datert 26.01.2022 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. I vårt brev datert 02.02.2022 melde vi at det var trong for å gjere ei synfaring. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune har gjennomført ei synfaring på staden. Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i området. Det er likevel høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. §§ 3 og 11 i kulturminnelova.

Registreringa vert utført med prøvestikking med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekker Vestland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering.

Den arkeologiske registreringa vil verta gjort så raskt som råd, og etter nærare avtale med søker. Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*